

Sak			
			Busherud.
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
Forslag til Reguleringsplan for Rektjerset skolelag, Gul k.			
1	18.04-85	Fylkesmannen under følgeskriv, saksdokumenter + kart.	
2.	26.04-85	T.H.H. meibepared.	
3	15/8-85.	T.H. Haraldsen til kommunen, om restriksjoner vedtatt planer, basert på k. Hovd muntlige innberetning.	

7



FYLKESMANNEN I BUSKERUD

Universitetets Oldsaksamling
Frederiks gt. 2
0164 OSLO 1.

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 000037	22 APR 85
SAKSB. AEC	ARK.Nr.

DERES REF.

VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)

Jnr. 1075/85 ark. 714.8 OAB

DATO

18. april 1985

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR REKKJESET STØLSLAG.
GOL KOMMUNE.

Overnevnte reguleringsforslag er mottatt hos fylkesmannen for stadfesting i medhold av § 27 i bygningsloven av 18.06. 1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 fra Miljøverndepartementet.

En ber om Oldsaksamlingens uttalelse til foreliggende forslag til reguleringsplanen.

./. Vedlagte saksdokumenter bes sendt i retur med uttalelsen.

Etter fullmakt

Olfrid Buer
Olfrid Buer

GOL KOMMUNE

TEKNISK ETAT

TLF. 067-74 100

3550 GOL

VAR DATO 21.03.1985

— REFERANSE A.504.1/OF/åt

DYKKAR DATO

— REFERANSE

Fylkesmannen i Buskerud
Haugesgt. 89
3000 DRAMMEN

*jur. 1075/85
ark 714.8*

*42
Kjøl*

Reguleringsplan for området Rekkjeset stølslag i Gol kommune

Idet ein viser til vedtak i Gol kommunestyre 20.02.1985, sak nr. 17, oversender ein 4 stk. lerretskopiar av planforslaget, 4 stk. reguleringsføresegner samt kopi av alle saksdokument og ber om at planen blir stadfesta.

Reguleringsplanforslaget er utarbeidd av styret i Rekkjeset stølslag og teknisk etat har reintegna planforslaget på transparent, stått for kopiering, fargelegging m.v.

Med helsing
GOL KOMMUNE

O. Hjørne
O. Hjørne
teknisk sjef

Vedlegg

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET REKKJESET STØLSLAG I GOL KOMMUNE

Dokumentliste:

1. Søknad dagsett 02.08.1984
2. Planforslag med tilhøyrande føresegner
3. Bygningsrådssak 223/84 - 1.gongs behandling
4. Kunngjering av planforslaget, brev dagsett 02.10.1984
5. Skriv dagsett 27.09.1984 til styrer, råd, instansar som har interesse i planlegginga
6. Brev frå televerket dagsett 03.10.1984
7. Brev frå viltneimnda dagsett 19.10.1984
8. Brev frå vegsjefen dagsett 04.10.1984
9. Brev frå fylkesrådmannen dagsett 08.10.1984
10. Brev frå Ringerike politikammer dagsett 08.10.1984
11. Brev frå generalplanutvalet frå møte 22.10.1984, sak nr. 357
12. Utskrift frå møte i landbruksnemnda 25.10.1984, sak nr. 97
13. Brev frå Knut Espedokken dagsett 12.10.1984, vedlagt kartutsnitt i m = 1:5000
14. Brev frå E. Rust dagsett 25.10.1984
15. Brev frå Anders Solli v/adv. Arne Juell Fosse dagsett 15.10.1984
16. Utskrift frå møte i Gol helseråd 22.10.1984, sak nr. 56/84
17. Utskrift frå møte i Teknisk hovudutval/bygningsrådet i møte 06.11.1984, sak nr. 295/84 B
18. Utskrift frå møte i Buskerud fylkeslandbruksstyre i møte 19.11.1984, sak nr. 526 J
19. Utskrift frå møte i Gol kommunestyre 20.02.1985, sak nr. 17/85 K

Gol, 21.03.1985

Av 7 medlemmer var 7 tilstede

Sak nr.: 223/84 B

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET REKKJESSET STØLSLAG

Saksdokument:

1. Søknad frå Rekkjeset stølslag v/Ole Berg dagsett 02.08.1984
2. Planforslag, teikning F-1-34, dagsett 02.08.1984, med tilhøyrande reguleringsføresegner

REGULERINGSJEFEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bygningsrådet vedtek reguleringsplanforslag, teikning F-1-34, dagsett 02.08.1984 med tilhøyrande reguleringsføresegner. Plan og føresegner vert å leggja ut til offentleg ettersegn i samsvar med § 27 pkt. 3 i bygningslova.

• Gol, 21.08.1984
O. Fjøsne

Bygningsrådet var på synfaring.

VEDTAK (samrøystes):

Reguleringsjefen sitt forslag vedteke.

Sign.: kott utskrift:
Gol, 29.08.1984

Utskrift sendt til:

Asbjørn Håkonsen
Asbjørn Håkonsen

3

9

11.10.84 5041 O.F.

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
FYLKESRÅDMANNEN

Gol kommune
Teknisk etat

3550 GOL

DERES REF.:

DERES BREV

VÅR REF.:

DATE

Ujnr. 1804/84
Ark. 714
KAa/GH

8.10.1984

GOL KOMMUNE. REGULERINGSFORSLAG FOR OMRÅDET REKKJESET
STØLSLAG. PLANKART DATERT 2.8.1984

Dykkar brev av 27.9.1984.


Fylkeskommunen har ikkje tidlegare gjeve uttale til
denne reguleringa.


Dei 20 nye hyttene i planen samsvarer med det hyttetalet
som er fastsett for Rekkjeset stølslag i kommunen sine
retningslinjer for hyttebygging fram til 1995.

Fylkeskommunen har ikkje særlege merknader til regulerings-
forslaget. Ein har merka seg at det i planen er vist berre
1 vasskjelde.

Det hitsende plankartet er halde att her.

Etter fullmakt


Ulf Hegna


Kåre Aase

frå møteboka til GOL LANDBRUKSNEMND i møte den 25. oktober 1984.
Av landbruksnemnda's medlemmer medrekna varamenn møtte 5.

21/10.84

2000 O.F.

Landbruksnemnda GOL		Fylkeslandbruksstyre BUSKERUD	
Møte 25.10.84	Sak 97/84 J	Møte	Sak
Reg.nr. 375/84	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

12

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET REKKJESET.

Sendt til uttale nemnde reguleringsplanframlegg.
Planen omfattar i alt 4250 dekar, som ligg i høgdesjiktet 770-850 m.
Innan området finn ein fylgjande jordbrukseigedomar:

1. Gnr. 9 bnr. 3, eigar Olav Viko.
25 dek. fulldyrka, 24 dek. overfl.d./beite, 128 dek. dyrkbart.
2. Gnr. 10 bnr. 5, søskena Berget.
21 dek. overfl.d./beite, 400 dek. dyrkbart.
3. Gnr. 11 bnr. 1, Ole Berg
30 dek. fulldyrka, 217 dek. dyrkbart.
4. Gnr. 11 bnr. 10, Knut Espedokken.
19 dek. fulldyrka, 44 dek. dyrkbart.
5. Gnr. 13 bnr. 4, Nils og Andres Golberg.
11 dek. fulldyrka, 14 dek. overfl.d./beite, 188 dek. dyrkbart.
6. Gnr. 13 bnr. 19, Odd Golberg
13 dek. fulldyrka, 8 dek. overfl.d./beite, 96 dek. dyrkbart.
7. Gnr. 13 bnr. 40, Erik A. Rust
35 dek. fulldyrka, 9 dek. overfl.d. 71 dyrkbart.
8. Gnr. 14 bnr. 39, Vilhelm Ransedokken
2 dek. fulldyrka, 91 dek. dyrkbart.
9. Gnr. 23 bnr. 31, Ola Magne Ransedokken
15 dek. fulldyrka, 94 dek. dyrkbart.
10. Gnr. 11 bnr. 42, Nils Svingen
6 dek. fulldyrka.
11. Gnr. 14 bnr. 70, Laura Turhus
13 dekar dyrkbart.

Planframlegget omfattar elles i alt 46 hyttetomter. Av desse er 26 eldre tomter som er utbygd med hytter. I tillegg er 7 andre tomter frå tidlegare godkjent av fylkeslandbruksstyret.

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

Utskrift sendt til

Frå møteboka til GOL LANDBRUKSNEMND i møte den 25. oktober 1984.
Av landbruksnemnda's medlemmer medrekna varamenn møtte 5.

Landbruksnemnde GOL		Fylkeslandbruksstyre BUSKERUD	
Møte 25.10.84	Sak 97/84 J	Møte	Sak
Reg.nr. 375/84	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

Fylgjande 13 tomteparseller er nye og hittil ikkje vurdert av landbruksmyndigheitene: Kfr. eigedomsoversynet.

Eigedom nr. 1: 2 hyttetomter. Blokkrik mark, registrert som dyrkbar, men ut frå grunntilhøva lite tenleg i så måte. Inn til setervegen.

" " 3: 6 hyttetomter. Uproduktiv, ikkje dyrkbar mark.

" " 5: 1 hyttetomt. Dyrkbar mark. Inn til eldre hyttetomt.

" " 6: 3 hyttetomter. Dyrkbar mark.

" " 12: Gnr. 10 bnr. 96 Ivar Ransedokken.
1 hyttetomt. Ved setervegen. Ikkje dyrkbar mark.

Gol landbruksnemnd har under synfaring den 23.08.84 gjort seg kjent med plasseringa av dei nye hyttetomtene. Grunneigarane var under synfaringa representert ved Ole Berg. Kfr. sak nr. 81/84 J.

I den landbruksfaglege arealvurdering for Gol er området Rekkjeset heilt ut vurdert som eit A-område.

Framlegg til vedtak:

Heimseterlaget Rekkjeset representerer eit viktig jordbruksområde med ein god del jordbruksareal i aktiv bruk og med betydelege unyttta arealressurser.

Planframlegget omfattar berre eit mindre tal nye hyttetomter som er nokonlunde tilfredsstillande plassert og som stort sett berre vil forbruka areal av mindre verdi jordbruksmessig sett.

Eit mindre unnatak i så måte er dei 4 hyttetomtene under eigedomane nr. 5 og 6. Men her ser nemnda det som eit positivt moment at hyttetomtene kan bidra til finansiering av veg m/bru fram til dyrkbare arealer som pr. i dag ligg utan vegframkomst.

Nemnda meiner ut frå ei samla vurdering at planen ligg innanfor den ramma ein må kunne akseptere i eit A-område.

Ut frå dette vil Gol landbruksnemnd overfor Buskerud fylkeslandbruksstyre rå til at reguleringsplanen for området Rekkjeset blir godkjent.

Samrøystes vedtak:

Framlegget vedteke.

Ole Berg gjekk frå som ugild.

Rett utskrift:

Gol, 26. oktober 1984

Ole Berg

Sign. Lon.

gn. Fl.st.

Utskrift sendt til

O. B.

Sendes Buskerud fylkeslandbruksstyre, 3000 Drammen for
vidare handsaming.

Ein viser elles til planmaterieell som er sendt beinvegen frå
Gol bygningsråd.

Gol landbruksnemnd, 3550 Gol, 26. oktober 1984.


Olav Brønstad

Kopi: Gol bygningsråd, her

Rekkjaset seterlag v/ Ole Berg, 3550 Gol.

U T S K R I F T

av møteboka for TEKNISK HOVEDUTVALG/BYGNINGSRÅDET
i møte 06.11.1984

Av 7 medlemmer var 7 tilstede

17

Sak nr.: 295/84 B

A.504.1
OF/at

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET REKKJESET STØLSLAG

Saksdokument:

1. Søknad dagsett 02.08.1984
2. Planforslag m/tilhøyrande føresegner
3. Bygningsrådsak 223/84 - 1.gongs behandling
4. Kunngjering av planforslag, brev dagsett 02.10.1984
5. Skriv dagsett 27.09.1984 til styrer, råd, instansar som har interesse i planlegginga
6. Brev frå televerket dagsett 03.10.1984
7. Brev frå viltneimnda dagsett 19.10.1984
8. Brev frå vegsjefen dagsett 04.10.1984
9. Brev frå fylkesrådmannen dagsett 03.10.1984
10. Brev frå Ringerike politikammer dagsett 03.10.1984
11. Utskrift frå generalplanutvalet frå møte 22.10.1984, sak nr. 357
12. Utskrift frå møte i landbruksnemnda 25.10.1984, sak nr. 97
13. Brev frå Knut Espedokken dagsett 12.10.1984, vedlagt kartutsnitt i m = 1:5000
14. Brev frå E. Rust dagsett 25.10.1984
15. Brev frå Anders Solli v/adv. Arne Juell Fosse dagsett 15.10.1984
16. Utskrift frå møte i Gol helseråd 22.10.1984, sak nr. 56/84

Planforslag og føresegner har vore lagt ut til offentleg ettersyn i tida 02.10 - 25.10.1984.

Televerket, viltneimnda, vegsjefen, fylkesrådmannen, lensmannen/politimestar, generalplanutvalet, landbruksnemnda og helserådet har ingen merknader til planen.

Generelle opplysningar om planforslaget:

Planområdet er på ca. 4250 dekar og omfattar 20 nye ubebygde hyttetomter og 26 tidlegare bebygde hyttetomter.

Det er ikkje offentlege vegar i området.

Talet på nye tomter, 20, er i samsvar med stølslaget sin fordeling 16.04.1980 som Gol kommunestyre godkjende i møte 18.02.1981, sak nr. 13.

REGULERINGSJEFEN SINE MERKNADER:

Saksdokument 13 - brev frå Knut Espedokken dagsett 12.10.1984

Sign.:

Utskrift sendt til:

-/2

U T S K R I F T

av møteboka for TEKNISK HOVEDUTVALG/BYGNINGSRÅDET
i møte 06.11.1984

Av 7 medlemmer var 7 tilstede

Sak nr.:

295/84

- 2 -

Knut Espedokken skreiv i likhet med dei andre grunneigarane i Rekkjeset 16.04.1980 under på fordeling av tomterettar i Rekkjeset stølslag. Denne fordelinga innebar at Espedokken ikkje fekk fleire nye tomterettar. Dette er forståeleg då det går fram av fordelingen av Espedokken opphavelig hadde 3 tomterettar, men likevel har heile 8 bygde hytter.

Trass i at Espedokken 16.04.1980 skriftleg godkjende fordeling av hyttetomterettar i stølslager utan atterhald, skriv han 25.04.1980 til Gol kommune slik:

"Det har no blitt enighet om fordeling av hytter i støls- laget. Men det er på den betingelse att undertegnede får ei hyttetomt overflytta til Tretteskogene, fordi att eg har ikkje egnet areal i Rekkjeset til nokon hyttetomt. Så fremt att dette er i orden så godtar eg fordelingen i Rekkjeset, og det er på denne betingels att eg har skrevet under fordelingslisten. Vist ikkje dette er i orden så må eg også få ei hyttetomt tildelt i Rekkjeset, Det var ingen som motsette seg mitt krav på møtet, alle av inforstått med dette for å få til ei fordeling. Håper med dette, att dette er i orden."

I merknader til reguleringsplanforslaget for Rekkjeset dagsett 12.10.1984 skriv Espedokken:

"Viser med dette til mitt brev av 25/4-80 og 2/8 d.å. Eg er blitt kjent med att det kanskje ikkje går ann å få overflyttet hyttetomter fra eit stølslag til (eit annet) Tretteskogen. Kommunestyret har vedtatt fordelingen av hyttetomter i Rekkjeset på grunnlag av att eg får overflyttet min hyttetomt til Tretteskogen. Vist eg ikkje får overflyttet mi hyttetomt frå Rekkjeset til Tretteskogen, så forlanger eg att mi hyttetomt blir innarbeidet i reguleringsplanen for Rekkjeset stølslag. Vedlegger kart der eg ønsker min hyttetomt plassert i Rekkjeset. Kvifor følger ikkje mitt brev av 25/4-80 saken, når reguleringsplan har blitt lagt fram for landbruksnemnd og bygningsråd?"

Då Gol kommunestyre i sak 13/81K har godkjent stølslaget sitt forslag til fordeling dagsett 16.04.1984, og stølslaget no fremjar planforslaget i samsvar med denne fordelinga, kan ikkje regulerings- sjefen tilrå att merknadene frå Espedokken vert tekne til fylgje.

Saksdokument 14 - brev frå E. Rust dagsett 25.10.1984

E. Rust viser i sitt brev til brevet frå K.Espedokken dagsett 12.10.1984 om reguleringsplan for Rekkjeset. Han skriv vidare:

"Dersom eg har rett til fleire hyttetomter i Rekkjeset,

-/3

Sign.:

Utskrift sendt til:

U T S K R I F T

av møteboka for TEKNISK HOVEDUTVALG/BYGNINGSRÅDET
i møte 06.11.1984

Av 7 medlemmer var 7 tilstede

Sak nr.:

295/84 B

- 3 -

ber eg om at desse vert tekne med i planen."

E. Rust har og skriftleg godkjent stølslaget si fordeling av hyttetomtrettar som inneber at han ikkje får nye hyttetomtrettar. E. Rust hadde opprinneleg 1 hyttetomtrett og har 7 bygde hytter.

Ein kan såleis ikkje tilrå at E. Rust får nye hyttetomter.

Saksdokument 15 - brev frå Anders Solli v/advokat Arne Juel Fosse
dagsett 15.10.1984

I brevet står det:

"Anders Solli, 3550 Gol, har som eier av gar. 14, bnr. 8 i Gol. henvendt seg til meg i forbindelse med ovennevnte plan som nå er utlagt til offentlig ettercyn. Som det fremgår av planen ligger en del av Sollis skogteig - som i alt er på va. 116 da. totalt - innenfor Rekkjeseth, mens en del av teigen ligger innenfor Brautemo stølsområde. Den gang planen for Brautemo ble utlagt reiste jeg på vegne av Solli insigelser mot denne. På hans vegne gjorde jeg gjeldende at hans teig var vel egnet for hyttetomter og at Solli burde tilgodesees med tomter. Dette krav ble ikke etterkommet. Jeg konstaterer at Anders Solli igjen er forbigått når det gjelder tildeling av hyttetomter. Etter det jeg har fått opplyst har grunneierne og/eller kommunen lagt seg på den linje at de med støleger innenfor området blir tildelt hyttetomter, mens det som har skogteiger (med full eiendomsrett) blir holdt utenfor. Jeg kan ikke se at det er hjemmel for en slik sondering. De med rene skogteiger må ha krav på å bli likestilt med de øvrige grunneiere i området. Det kunne forøvrig reises spørsmål om ikke skogeierne burde prioriteres idet jeg vil anta at en del av stølseierne for lengst har disponert en del av sin grunn til hytteformål - f.eks. bygging inne på stølsvoller. Jeg ber om at dette prinsipielt spørsmål blir tatt opp i forbindelse med kommunens behandling av planen. Jeg sender en gjenspart av dette brev direkte til formennene i de respektive stølsområder - Ole Berg, 3550 Golf for Rekkjeseth og Knut Kåre Dokken, 3550 Gol for Brautemo."

Ut frå gjeldande retningsliner som kommunen har for støslagsområda, kan reguleringsjefen ikkje tilrå at behandlinga av planen vert utsett. I samband med behandlinga av reguleringsplanen for Brautemo valde kommunestyret ei nemnda med mandat å sjå på hytteutbygging i heimskogområda i kommunen.

Så lenge denne nemnda ikkje har fremja noko forslag til nye retningslinjer, meiner reguleringsjefen at planforslaget for

Sign.:

Utskrift sendt til:

-/4

FYLKESLANDBRUKSSTYRET

I BUSKERUD

Buskerud fylkeslandbruksstyres protokoll fra møte 19.11. 1984.

Sak 526 J:

Reguleringsplan for område Rekkjeset stølslag, plan datert 02.08. 1984.

Landbruksnemnda i Gol uttaler i sak 97/1984 J:

//Sendt til uttale nemnde reguleringsplanframlegg.
Planen omfattar i alt 4250 dekar, som ligg i høgdesjiktet 770-850 m.
Innan området finn ein fylgjande jordbrukseigedomar:

1. Gnr. 9 bnr. 3, eigar Olav Viko.
25 dek. fulldyrka, 24 dek. overfl.d./beite, 128 dek. dyrkbart.
2. Gnr. 10 bnr. 5, søskena Berget.
21 dek. overfl.d./beite, 400 dek. dyrkbart.
3. Gnr. 11 bnr. 1, Ole Berg
30 dek. fulldyrka, 217 dek. dyrkbart.
4. Gnr. 11 bnr. 10, Knut Espedokken.
19 dek. fulldyrka, 44 dek. dyrkbart.
5. Gnr. 13 bnr. 4, Nils og Andres Golberg.
11 dek. fulldyrka, 14 dek. overfl.d./beite, 188 dek. dyrkbart.
6. Gnr. 13 bnr. 19, Odd Golberg
13 dek. fulldyrka, 8 dek. overfl.d./beite, 96 dek. dyrkbart.
7. Gnr. 13 bnr. 40, Erik A. Rust
35 dek. fulldyrka, 9 dek. overfl.d. 71 dyrkbart.
8. Gnr. 14 bnr. 39, Vilhelm Ransedokken
2 dek. fulldyrka, 91 dek. dyrkbart.
9. Gnr. 23 bnr. 31, Ola Magne Ransedokken
15 dek. fulldyrka, 94 dek. dyrkbart.
10. Gnr. 11 bnr. 42, Nils Svingen
6 dek. fulldyrka.
11. Gnr. 14 bnr. 70, Laura Turhus
13 dekar dyrkbart.

Planframlegget omfattar elles i alt 46 hyttetomter. Av desse er 26 eldre tomter som er utbygd med hytter. I tillegg er 7 andre tomter frå tidlegare godkjent av fylkeslandbruksstyret.

Fylgjande 13 tomteparseller er nye og hittil ikkje vurdert av landbruksmyndigheitene: Kfr. eigedomsoversynet.

Eigedom nr. 1: 2 hyttetomter. Blokkrik mark, registrert som dyrkbar, men ut frå grunntilhøva lite tenleg i så måte. Inn til setervegen.

" " 3: 6 hyttetomter. Uproduktiv, ikkje dyrkbar mark.

" " 5: 1 hyttetomt. Dyrkbar mark. Inn til eldre hyttetomt.

" " 6: 3 hyttetomter. Dyrkbar mark.

" " 12: Gnr. 10 bnr. 96 Ivar Ransedokken.
1 hyttetomt. Ved setervegen. Ikkje dyrkbar mark.

Gol landbruksnemnd har under synfaring den 23.08.84 gjort seg kjent med plasseringa av dei nye hyttetomtene. Grunneigarane var under synfaringa representert ved Ole Berg. Kfr. sak nr. 81/84 J.

I den landbruksfaglege arealvurdering for Gol er området Rekkjeset heilt ut vurdert som eit A-område.

Framlegg til vedtak:

Heimseterlaget Rekkjeset representerer eit viktig jordbruksområde med ein god del jordbruksareal i aktiv bruk og med betydelege unytta arealressurser.

Planframlegget omfattar berre eit mindre tal nye hyttetomter som er nokonlunde tilfredsstillande plassert og som stort sett berre vil forbruka areal av mindre verdi jordbruksmessig sett.

Eit mindre unnatak i så måte er dei 4 hyttetomtene under eigedomane nr. 5 og 6. Men her ser nemnda det som eit positivt moment at hyttetomtene kan bidra til finansiering av veg m/bru fram til dyrkbare arealer som pr. i dag ligg utan vegframkomst.

Nemnda meiner ut frå ei samla vurdering at planen ligg innanfor den ramma ein må kunne akseptere i eit A-område.

Ut frå dette vil Gol landbruksnemnd overfor Buskerud fylkeslandbruksstyre rå til at reguleringsplanen for området Rekkjeset blir godkjent.

Samrøystes vedtak:

Framlegget vedtøke.

Ole Berg gjekk frå som ugild.!!

Fylkeslandbrukssjefens merknader:

Som nevnt i herredsagronomens utredning er Rekkjeset et A-område i den landbruksfaglige arealvurdering for Gol. Stølslaget har så mye dyrka og dyrkbar jord, beiteressurser m.m. at området i det aller vesentligste må forbeholdes landbruksmessig utnytting. Reguleringsplanen omfatter et begrenset antall hyttetomter i tillegg til bebygde hytter og godkjente fradelinger. Fylkeslandbrukssjefen er enig med landbruksnemnda i at planen kan anbefales,

men vil tilrå at nye hyttetomter får en plassering som gir minst mulig arronderingsmessige ulemper. Det gjelder kanskje særlig Rekkjeset vestre, gnr. 13 bnr. 19, hvor tomtene ligger på dyrkbar mark. Herredsagronomen bør være med ved utstikking av disse tomtene.

Innstilling:

Buskerud fylkeslandbruksstyre slutter seg til vedtaket i landbruksnemnda og til merknadene fra fylkeslandbrukssjefen.

Reguleringsplan for området Rekkjeset stølslag, datert 02.08. 1984, tilrås.

Enstemmig vedtak: Som innstillingen.

Rett utskrift: *S. Wau.*

U T S K R I F T

19

av møteboka for GOL KOMMUNESTYRE
frå møte den 20. februar 1985.

Av 21 medlemar var 21 tilstades (møtande varamedlemar medrekna)

Sak nr.: 37/85 F 17/85 K

A. 504.3 KOMMUNE		
OHB/ime Teknisk etat		
Date:	Arkiv:	Saksdr.
26.2.85	504.1	O.F.

REGULERINGSPLAN FOR REKKJESET STØLSLAG.

Vedlegg: Brev frå teknisk sjef 09.11.1984.
 Utskrift frå møte i teknisk hovedutval/bygningsrådet 06.11.1984, sak 295/84 B.
 (Vedlegga nr 1 - 16, jfr. utskrift av sak 295/84 B - er utlagde til gjennomsyn og det fylgjer ikkje kopi av vedlegga her).
 Som vedlegg fylgjer derimot seinare innkomne dokument:
 Brev frå teknisk etat 27.11.1984.
 Utskrift av møtebok 19.11.1984 frå møte i fylkeslandbruksstyret. (sak 526 J).

Eg viser til reguleringssjefen si saksutgreiing til sak 295/84 B og til fylkeslandbruksstyret sitt vedtak i sak 526 J, og rår til at det vert gjort

slikt vedtak:

Formannskapet tilrår at reguleringsplanen for Rekkjeset støslag vist på teikning nr A - 1 - 34 av 02.08.1984 vert godkjend.

Samleis vert det tilrådd at vedtektene som er knytt til reguleringsplanen vert godkjende.

Gol, 22.01.1985
Olav H. Bale

Samrøystes TILRÅDING i formannskapet 28.1.1985.

Kommunestyret i møte 20.02.1985:

Ole Berg gjekk frå som ugild.

Samrøystes VEDTAK i samsvar med tilrådinga.

Rett utskrift:
Gol, 25.02.85

Olav H. Bale

Sign.:

Utskrift sendt til Teknisk etat for vidare underretning og ekspedisjon.

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET REKKJESET STØLSLAG;
GOL KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er på plankart datert 02.08.1984 vist med reguleringsgrense. Utnytting i området skal skje i samsvar med reguleringsplan.

§ 2

Før byggjeløyve vert gjeve skal det liggje føre tomtedelings-/utbyggingsplan godkjend av bygningsrådet for vedkomande byggeområde eller så stor del av planområdet som bygningsrådet finn bør detaljplanleggjast samla.

§ 3

OMRÅDE FOR HYTTER/FRITIDSHUS

Tal for hytteeiningar i dei einiskilde hyttefelt er påført plankartet. Med hytteeining meiner ein eitt fritidshusvare med tilhøyrande uthus. Kvar hytteeining kan oppførast med inntil 100 m² golvareal.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar sjå til at bygga får god form og materialbruk.

Alle bygningar skal ha saltak og må ikkje ha meir enn ei høgd.

Form, høgd og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

Grunnmur skal vera tett. Der det vert nytta søyle-/pillarfundament må felta mellom desse stengjast forsvarleg.

§ 4

JORD- OG SKOGBRUKSOMRÅDE

Områda skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Det kan oppførast bygningar som har med slik drift å gjera.

§ 5

FELLES VEG

Langs vegar som er opne for ålmen ferdsel skal det vera 30 m. byggeline-avstand frå vegmidte.

§ 6

Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse reguleringsføresegnene innanfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for kommunen.

REGULERINGSPLAN for REKKJESET i GOL KOMMUNE

Saksbehandling etter bygningslova


	DATO	DATO	SIGN
VEDTAK I STOLSLAG			
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK	28.8.1984	6.11.1984	
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN	2.10.-25.10.1984		
KOMMUNESTYRETS VEDTAK	20.2.1985		
STADFESTA AV			

Revisjonar


Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

postmottak@khm.uio.no



MÅLESTOKK 1:5000



GOL KOMMUNE
TEKNISK ETAT

TEIKN NR

A-1-34

DATO

2.8.1984

SIGN

O.F.

UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN
VIKINGSKIPSHUSET

FREDERIKS GATE 2, OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
VIKING SHIP MUSEUM

FREDERIKS GATE 2, OSLO 1

EKSPEDISJONSTID FRA
KL. 12.00 TIL 15.45 (15.00)

KOPI

Fylkesmannen i Buskerud,
Fylkeshuset,
3000 Drammen.

OSLO, 25. april 1985.

VÅR REF.: 937/85 THH/GI.

DERES REF.:

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR REKKJESET STØLSLAG,
GOL KOMMUNE.

Vi viser til Deres henvendelse vedrørende ovennevnte plan-
forslag.

Angjeldende planområde ligger i et område hvor det ofte
er fornminner. Området må derfor befares før vi kan gi vår
uttalelse til planen.

for

førstekonservator Arne Emil Christensen

Tom H. Haraldsen

mag.art.

Kopi: Gol kommune, teknisk etat,
Fylkeskonservatoren i Buskerud.

Rektjæret skolelag

Kullmille innleie vei d 9m h. 0,5-0,8m

Vollens br. 1,5m

lavere i terrenget

ca. 9 m lengde N og mest myra:

buskuff? rektangulær orientert NØ-SV
l. 8m, br. 4m.

Tegner seg som en forhøyning i terrenget

Særlig framholdig bekk.

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Fylkesmannen i Buskerud,
Fylkeshuset,
3000 Drammen.

OSLO, 15. august 1985.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 937/85 THH/GI.

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR REKKJESET STØLSLAG, GOL KOMMUNE.

Vi viser til Deres henvendelse vedrørende ovennevnte planforslag.

Området ble befart i uke 30, og det ble funnet 1 kullmiletuft og en antatt hustuft. Forøvrig ble det ikke gjort funn. Registreringen ble i hovedsak konsentrert om utbyggingssonene. Vi må derfor ta forbehold om at det kan være fornminner i restområdet. Dersom det skal gjøres inngrep også av landbruksmessig art ut over de som behandles i planen, må disse forelegges Oldsaksamlingen til uttalelse.

Området mellom de to veier som er markert med rød sirkel bør legges ut som spesialområde. Alle inngrep her, også grøfterensking o.l. av veien, må forelegges vernemyndigheten.

Planområdet har en topografi hvor vi ofte finner rester etter jernvinne. Vi vil derfor be om at utbyggeren underrettes om at de kan komme til å finne jernslag, trekull o.l.. Om så skjer må Universitetets Oldsaksamling umiddelbart varsles og arbeidet stanses.

Med hilsen

Arne Emil Christensen
bestyrer

Vedlegg: Kartutsnitt
Kopi: Gol kommune, Teknisk etat,

Tom H. Haraldsen
mag.art.

Fylkeskonservatoren i Buskerud
ALLE HENVENDELSER RETTES TIL OLDSAKSAMLINGEN UTEN PERSONLIG ADRESSAT

Reguleringsplan for Rødtjøstøl skole (602)





FYLKESMANNEN I BUSKERUD

KOPI

OLDSAKSAMLINGEN	
Jnr. 000920	03. APR. 87
SAKSB. <i>pon</i>	ARK.Nr.

Gol kommune

3550 GOL

DERES REF.

VAR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)

Jnr. 1075 og 3777/85 JR/OAB
ark. 714.8

DATO

01.04.1987

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET REKKJESET STØLSLAG.
GOL KOMMUNE.

Dykkar brev av 21.03.1985.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18.06.1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 frå Miljøverndepartementet, stadfester fylkesmannen herved vedtak av Gol kommunestyre den 20.02.1985 om denne reguleringa.

Vidare stadfester fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak av same dag om reguleringsføresegner til planen.

Reguleringa stadfestest som forenkla plan, jfr. § 26 nr. 2 i bygningslova.

Før byggemelding blir handsama, skal det framleggjast detaljplan for byggeområdet, godkjend av bygningsrådet. Detaljplanen skal visa plassering av alle bygningar og eventuell tomtedeling.

Fylkesmannen har lagt saka fram for Universitetet i Oslo, Oldsaksamlingen, som har uttala seg ved brev av 15.08.1985. Oldsaksamlingen har synfare området og funne ei kolmiletuft og ei hustuft. Oldsaksamlingen krev at funnområdet blir regulert som spesialområde.

Ved synfaringa er det sett lite på planområdet utanfor byggeområda, og det kan finnast fleire forminne. Oldsaksamlingen må difor varslast om eventuelle inngrep utanfor byggeområda.

Blir det gjort funn av jernslag, trekol o.l., skal det straks meldast frå om dette, og arbeidet stansast.

././. Kopi av brevet frå Oldsaksamlingen fylgjer vedlagt.

Den delen av planområdet som Oldsaksamlingen ynskjer regulert som spesialområde, er av fylkesmannen undanteke frå stadfestinga. Fylkesmannen vil rå kommunen til å regulera dette som spesialområde av kulturhistorisk verdi. Eventuelle reguleringsføresegner for spesialområdet må utarbeidast i samråd med Oldsaksamlingen.

Stadfestinga inneber ikkje utsleppsløyve etter § 11 i "Lov om vern mot forurensinger og om avfall av 13.03.1981".

Utslepp frå område omfatta av reguleringsplanen, kan berre skje på vilkår fastsette med heimel i nemnde lov og tilhøyrande føresegner.

- ./. Stadfesta reguleringskart fylgjer vedlagt med stadfestingspåskrift. Stadfestinga skal kunngjerast i samsvar med § 27 nr. 5 i bygningslova.

Ved kunngjering skal gjerast merksam på at fylkesmannen sitt vedtak kan påklagast til Miljøverndepartementet, gjennom fylkesmannen, innan 3 veker etter at vedtaket er kunngjort, jfr. § 17 i bygningslova og kap. VI i forvaltningslova av 10.02.1967.

- ./. Ein del av dei innsende dokumenta fylgjer vedlagt i retur.

Ragnar Christiansen


Jan Rognebakke

Gjenpart: Fylkeslandbrukskontoret i Buskerud, her.
Buskerud fylkeskommune, Plan- og næringskontoret, her.
Universitetet i Oslo, Oldsaksamlingen, Frederiks gt. 2,
0164 Oslo 1.